



Hardanger



MØTEBOK

Rådsmøte i Hardanger Ungdomsråd

Dato: Torsdag 9.3.2017

Stad: Kommunehuset i Eidfjord

Tid: 0930-1400

Til stades:

Eidfjord kommune:	Ungdomsrådsleiar Helene Hongqin Enge Monsen
Kvam herad:	Ungdomsrådsleiar Sjur Mikal Dolven
Ullensvang herad:	Ungdomsrådsleiar Vilde Lægreid
Ulvik herad:	Ungdomsrådsmedlem Bjørk Thorbjørnsen

Ikkje til stades:

Granvin herad:	Ungdomsrådsleiar Marte Kristoffersen
Jondal kommune:	Ikkje møtt
Odda kommune:	Ungdomsrådsleiar Anne Haugland Jondahl

Andre:

Kvam herad	Kari Weltzin Vik
Eidfjord kommune	Bergljot Marie Veivåg
Ulvik herad	Ingvild Winters
Hardangerrådet	Trude Lægreid Rinaldo

Det var ingen merknader til innkalling og sakliste

Innmeldt ved møtestart.

Leiar i Hardanger Ungdomsråd har fått telefon frå redaktør i Hardanger Folkeblad, med invitasjon frå redaktøren til heile HU om å vera med på eit redaksjonsmøte der HU får vera med å bestemma innhald og utsjånad på avisa. Saka vert teke opp under orienteringssaker på slutten av møtet.

HU-sak 09/17 Uttale om Ambulanse i Hardanger Brev til Helse Bergen

Ordførar i Eidfjord Anved Johan Tveit informerte HU i møte om kvar saka står i dag og kva som kan skje med Ambulansen i Eidfjord.

Han er veldig glad for at Hardanger Ungdomsråd tar opp denne saka.

Vedtak:

Hardanger Ungdomsråd gjev denne uttalen og sender brev til både Helse Bergen og Helse Fonna der ein ber om eit møte med dei. Hardanger Ungdomsråd ber også om at dei gjer greie for korleis dei tenkjer at utfallet skal verta.

Uttale om Ambulanse og responstid frå Hardanger Ungdomsråd:

Me vil føla oss trygge.

Hardanger Ungdomsråd er uroa på vegne av Hardanger og distriktsnorge når det gjeld omstrukturering av ambulanse og kva det gjer med responstid. Hardanger Ungdomsråd representerar dei 7 Hardangerkommunane Eidfjord, Granvin, Jondal, Kvam, Odda, Ullensvang og Ulvik.

Det er store avstandar i regionen vår. Eksempelvis er det er 70 km frå Odda til Haukeli, 100 km frå Voss til Halne, 90 km frå Mundheim til Bergen og 80 km frå Norheimsund til Voss. I retningslinjene står det at responstida skal vera under 25 minutt i distriktet, skal me då godta at den er på 40 minutt?(I byområdet er krav til responstida 12 minutt)

Eksempel på gjennomsnittlege responstider i ulike deler av Hardanger:

- frå Ulvik er responstid i snitt på over 40 minutt, dårlegast i Hardanger
- frå Granvin er responstid i snitt på 28,1 minutt.
- frå Eidfjord er responstid i snitt på 36,1 minutt.
- frå Kvam er reponstida i snitt på 18,1 minutt.

(Ikkje fått tal frå dei andre kommunane, derfor ikkje med her)

Legevaktordniga i Hardanger er no i gang, dvs at nattetid er det kun tilgjengeleg lækjarar i Odda og på Voss, gjer ikkje det behovet for lokalt bemanna ambulansar endå større?

Utifrå dette forventar me at det vert gjort tiltak for å bevare dei ambulansetenestene som er i dag som eit minimum, og godtek ikkje at fleire ambulansestasjonar forsvinn. Når ulukka først er ute, må denne tenesta vera eit minimum for å redde liv.

Me ute i distriktet er like viktige som menneska i byane. Helsa er den same, og burde vera like mykje prioritert uavhengig om du bur i by eller bygd! Faren er at denne omstruktureringa vil svekka distriktet, for ein vil ikkje bu på ein plass der helsa di ikkje er prioritert.

HU-sak 10/17 Uttale til Helse Fonna om akuttkirurgi i Hardanger

Uttale under frå Odda Ungdom vart gjennomgått på møtet:

Odda sjukehus
Bevaring av kirurgisk akuttberedskap

I lys av ny Helse og Sjukehusplan er det satt ned prosjektgrupper i alle helseforetak for å vurdere akuttberedskap og evt. nedleggelse av enkelte sjukehus.

For Odda sjukehus er det foreslått å legge ned kirurgisk akuttberedskap.

Prosjektarbeidet er nettopp avsluttet og flertallet tilrår IKKE å legge ned kirurgisk akuttberedskap. Konsekvensene ved å legge ned denne beredskapen ved landets minste sjukehus, er så store, at det ikke kan tilrådes.

For Oddinger flest er det mellom 2-4 timer kjøretur til nærmeste sjukehus. Med vår plassering på vestlandet får vi ofte kjenne på ras, flom og ekstremvær. Det er ofte dårlig flyvær slik at helikopter ikke har muligheter for å hente pasienter. Vi har også to store bedrifter, Tizir og Boliden, og i tillegg er det økende turisme både vinter og sommer.

Odda scorer høyst når det gjelder store trafikkulykker, fare for eksplosjonsulykker og naturkatastrofer i følge ROS analysen.

Dersom den kirurgiske akuttberedskapen blir lagt ned, er det mulig at hele sjukehuset tilslutt blir lagt ned. Turnustjeneste for legestudenter vil ikke bli godkjent, anestesi og kirurgisk kompetanse vil dermed forsvinne. Medisinske overleger og anestesileger står sterkt ved sine ord. Uten en kirurg på vakt ved Odda sjukehus er de ikke interessert i å jobbe der.

Odda ungdomsråd støtter opp om Odda sjukehus og at Odda sjukehus blir videreført som akuttsjukehus med akuttfunksjon i kirurgi og indremedisin. Odda ungdomsråd er opptatt av likeverdig helsetilbud. Det skal være like trygt å bo i distriktene som i storbyene.

«Akuttkirurgi redder liv!»

Anna Haugland Jondahl
leder, Odda ungdomsråd

Vedtak:

HU viser til uttale frå Odda ungdomsråd og støttar den.

HU-sak 11/17 Orienteringssaker

➤ **Aktivitetshelg 2017 i Odda**

- Ida ber om at alle Ungdomsråda kjem seg inn i facebook arrangementet, og inviterar alle ungdommane i sin kommune.
- Ida minner om arbeidsoppgåvene som vart fordelt på sist møte.

➤ **Felles klubbkveld**

No er det meste klart for felles klubbkveld fredag 7. april 2017 på samfunnshuset i Eidfjord:

- Symjehallen vert open,
- Det vert kokkekurs med Arthur same dagen, då skal dei laga mat til klubbkvelden
- Alle må ordna skyss sjølve, og ber om at nokre vaksne som kjører ungdommane til klubbkvelden vert med som vakt.
- Klubben vert flytta til Samfunnshuset, og mange av aktivittane vert flytta opp dit.
- Når du melder deg på kan du også meda deg på å opptre.
- Det vert instagram konkurranse

Alle vert oppmoda om å marknadsføra fellesklubbkveld i Eidfjord. Plakat vil bli sendt alle leiarane og dei får ansvar om å henga desse opp på skulane.

➤ **Oppfølging møte med Skyss**

Brev er sendt og HU ventar på tilbakemelding.

➤ **Oppfølging arbeid med «Verdensdagen for psykisk helse»**

Kvart råd tar denne oppforinga om å gjera noko med seg til sitt råd og eigen kommune

➤ **Andre saker**

Hardanger Folkeblad har invitert heile HU. Dette er ei fantastisk moglegheit, og rådet takkar ja til å vera med på redaksjonsmøte.

Me oppmuntrar alle ungdomsråda i Hardanger til å koma med idear før møtet.

Leiar Vilde Lægred er kontaktperson og gjer tilbakemelding til Hordaland folkeblad.

HU-sak 12/17 Informasjon om arbeid frå den einkilde kommune/herad sine ungdomsråd i Hardanger.

Eidfjord:

Felles klubbkveld

Kvam:

Hadde møte på måndag med saksplan frå kommunen. Saker var regulering av eit reinseanlegg Kvam Ungdomsrådet var eininge med rådmannen. Rådet gav uttale om eit legekontor i Ålvik, der treng dei meir fakta om økonomi før dei kan uttala seg. Kommunebarnepsykolog ver med på møtet og fortalde om korleis deira arbeid i kommune var, og ungdommane vart spurde om det var noko dei burde gjera. Det var også diskusjon om korleis brøyting vert gjennomført i Kvam herad, for det kjem ny instruks.

Kvam ungdomsråd er ikkje så knytt opp imot ungdomsaktivitet som gjerne dei andre råda er.

Ullensvang:

Arrangerte LAN i den nyopna Fjordahallen. Planlegg nytt LAN til hausten.

Ulvik:

Uttale om Ambulanse har vore fokus.

Dei arrangerar LAN i morgon Ulvik.

NB!

Hardanger Ungdomsråd har flytta neste møte til torsdag 27. april i Granvin, kl 0900-1330